



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2423 - 17/7022

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.03.2017

Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 58/7 Lygre indre

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 22.02.2017, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Ber om utsetjing i saka for å få til ei synfaring på staden. Vi inviterer representantar frå Hordaland Fylkeskommune, Statens Vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland til å møte på synfaringa for å kunna utdjupa, og svara på spørsmål i høve til ulempene tiltaket vil medføre.

Neste møte i Plan- og miljøutvalet vert halde 22.03.2017. Tidspunkt for synfaring er ikkje endeleg fastsett, men vert på føremiddag den 22.03.2017. Vil kjem tilbake med endeleg tidspunkt så fort det er avklart. **Vi ber om tilbakemelding på om det er aktuelt for dykk å stilla på synfaring denne dagen.**

Vi viser elles til dykkar uttale i skriv datert 22.11.2016 der det mellom anna står:

Statens vegvesen har allereie uttalt seg i denne saka, jf. vårt brev av 3. oktober 2016, som de også har vedlagt saka. Vi var i vårt brev kritisk til å opne for frådelling og utvida bruk av avkøyrsla med bakgrunn i at avkøyrsla ikkje stettar tekniske krav til utforming, særleg med omsyn på sikt. Denne uttalen står ved lag.

Dersom Lindås kommune vurderer å gje dispensasjon til deling av grunneigedom gnr.58 bnr. 7 kan det vere relevant å først behandle søknaden etter veglova.

Vi ber om at kommunen orienterer oss om kva saksgang de ynskjer.

Administrasjonen vurderer at det kan vera føremålstenleg å avklara saka etter veglova før endeleg handsaming av klagen, slik at saka vert best mogleg opplyst.



Vi ber om snarleg tilbakemelding på om Statens vegvesen vil gjera vedtak etter veglova før klagen vert handsama i Plan- og miljøutvalet. Frist for tilbakemelding vert sett til 10.03.2017.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om frådelling - gbnr 58/7 Lygre indre

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 58/7 Lygre indre

Erklæring om rettighet i fast eigedom

Søknad om avkjørsel til Statens vegvesen

Nabovarsel

Dokument 16/106793-3 Uttale til dispensasjonsøknad - Fv. 404 - Gbnr 58/3 og 7 Lygre indre

Lindås Kommune Lygra 04

Gbnr 58-7 kdø

Gbnr 58-7 ortofoto 2009

Gbnr 58-7 oversiktskart

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplan - gbnr 58/7 Lygre indre

Kulturminnefagleg fråsegn - gbnr 58/7 - Lygre indre - dispensasjon frådelling

Søknad om frådelling av bustadtomt - gbnr 58/7 Lygre indre

Uttale til søknad om dispensasjon for frådelling til ny bustadtomt - gbnr 58/7 Lygre indre

disp

Klage på avslag på søknad om frådelling - gbnr 58/7 Lygre indre

Kopi til:

Lars Bjørn Lygre og Rita Fløholm Lurevegen 1498 5912 SEIM

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER